

Kjensla av ran

BJØRN EGIL FLØ

Det siste året har me sett det tydeleg. Me har sett dei ro i bunad for fødestover, me har sett lokalsamfunn reise seg i protest mot nedlegging av regionale utdanningstilbod og reformering av kommunestruktur, politi og post. Samstundes har me sett storsleggja vore brukt på bomstasjonar på Vestlandet, og elles så godmodige frøyværingar har gnidd mannskit på stighbretta til gravemaskinene som ryddar grunnen for vindmøllene til multinasjonale kraftselskap. Kort sagt, me har sett det jamt fleire kallar eit distriktsopprør. Men kva botnar denne misnøya i, kva er rota til dette distriktsopprøret?

Går me bak dei konkrete sakene. Bak alle reformene, bak sentraliseringa av politiet og nedlegginga av post- og utdanningstilbod og det folk ser som nedbygginga av grunnleggande infrastruktur og velferdstenester der dei bur, vil me sjå at folk har teke til å miste trua. Går me bak den tilsynelatande motstand mot det grøne skiftet, bak bomvegdemonstrasjonane og vindmølleleksjonane, så vil me sjå at grunnlaget for motstanden er mistru, og grunnlaget for mistrua er eit svik.

I dette kapittelet vil eg syne lesarane litt av det folk ute i grendene har fortalt meg. Eg vil dele tankane mine om det me i dag kjenner under det relativt upresise omgrepet distriktsopprøret. Eg vil syne kva det botnar i, og at det er ein reaksjon mot ei utvikling der grendefolk taper når sentrum vinn. Eg argumenterer for at motstanden er retta mot ei nyliberal modernisering forfekta av ein urbant forankra politiske,

økonomisk og kulturell elite, forsterka av ei økologisk modernisering tungt forankra i økonomisk rasjonalistisk tenking, målboren av den same klassa. Medan store delar av kommentariatet og forskinga i mange år har framstilt konflikten mellom by og land som sosialt konstruerte representasjonar, argumenterer eg for at det fyrst og fremst handlar om materialitet, sjølv om representasjonane også spelar inn. Det handlar om reelle tap av arbeidsplassar og konkrete ulemper påførte lokalbefolkninga i distrikta, utan at dei får noko att for det. Og i den grad representasjonar spelar inn, så er det gjennom at det urbane representerer dette tapet. Derfor avviser bygdefolket kunnskapen som vert produsert, likeleis dei politiske ytringane framførte av representantane for sentrum.

DET HAR ULMA LENGE

Ho har ulma ei stund, distriktsmisnøya. Og dei som kjenner Bygde-Noreg, har nok sett dette kome lenge. Dei som har teke seg tid til å sjå og å snakke med folk kring om i grendene, på fjellgardane og opp gjennom dalane, folk inst inne i fjordbotnane og ytst ute på øyane, har sett at folk gradvis har teke til å miste vona.

For min eigen del tok det tid før eg såg det. Fyrst litt innpå 2000-talet, då eg vandra rundt i eit lite fiskevær på innsida av Lofotveggen, tok det til å gå opp for meg. Eg hadde ei utsett intervjuavtale med ein reiselivsrentreprenør og nytta høvet til å sjå meg kring i dette ein gong så levande fiskeværet. Sist eg hadde vore der, var i 1984. Då hadde eg perm frå det militære og reiste ut i von om å sjå det eg tenkte var siste rest av norsk kvalfangst. Men der og då slo det meg at det eg såg den gong, på 80-talet, var siste rest av eit lokalsamfunn.

«Ja, det har endra seg mykje sidan den gong.» Den godt vaksne mannen stogga opp og såg beint på meg. Det var som om han tok seg i å tvile på meg. «Kva var det du sa du gjorde her?» spurde han. «Eg er her i samband med eit forskingsprosjekt om reiseliv», sa eg. Eg såg på reaksjonen hans at tvilen berre vart styrkt. «Ja, det er visst det alt skal handle om no – turistar og fritid», sa han med ei mine som øste av mistru til ei næring som alt då var løfta fram som den store lovnaden.

For meg var samtala med den pensjonerte kvalfangaren ei oppvakning. Sidan eg byrja som bygdeforskar i 1999, var dette den fyrste djupe samtala om det eg der og då tenkte var ei opplevd skuggeside av reiselivet, men som eg seinare forstod var ein kritikk av den nye distriktspolitikken.

Han fortalde meg om eit døyande lokalsamfunn som berre tjue år før hadde krydd av liv. Då eg var der på 80-talet, budde det over 400 menneske der. Sjarkane låg tre i breidda framom kaia, og ein kunne høyre høglydt bannskap og lått frå mottak og ekspedisjon. Det lét slik det gjer når folk er i arbeid, og det lukta stramt av fisk, diesel og salt sjø. Men i 2004 var det lite att av det som ein gong var, 180 menneske, og mange frykta at det som enno ikkje hadde forsvunne av næring, møteplassar, sørvisfunksjonar og velferdstenester, kom til å gjere det i nær framtid.

«Dette bøter ikkje reiselivet på aleine», sa den pensjonerte fiskaren. «Til det trengst det politikk, me treng distriktspolitikk og ein fiskeripolitikk som sikrar at verdiskapinga frå fiskeriet kjem lokalsamfunnet til gode.»

Etter å ha snakka med fleire hundre bygdefolk i samband med ulike forskingsprosjekt opp gjennom åra, merka eg at dei oftare har fortalt slike historier. Dei har fortalt om lokalsamfunn som gradvis vert tømde for arbeids- og møteplassar. Dei har fortalt om jamt meir utarma lokalsamfunn, om oppkjøp og nedlegging av lokale verksemder, og dei ser det som ei aktiv nedbygging av distriktspolitiske verkemiddel til fordel for marknaden. Eg har fått høyre forteljingar om at folk ute i grendene kjenner seg innestengde og framandgjorde. Dei opplever at endringskrefte ligg utanfor dei sjøve, utanfor bygda, utanfor regionen og endåtil utanfor landet. «Dei ligg i globaliseringa av økonomi og kultur», som Reidar Almås (2002, s. 408) skriv. Folk som arbeider i produksjonen, har mindre å seie enn nokon gong, særleg i primærproduksjonen. «Ein jamt mindre del av verdiskapinga skjer i primærproduksjonen, og stadig meir skjer ved innsats av kapital, framande råvarer, vitskapleg basert kunnskap og ekstern vidarefordeling» (Almås, 2002, s. 408). Då sit dei att, bøndene, fiskarane og bygdefolket, inneklemd i ei produksjonskjede av innsatsfaktorar og foredlingsledd, og kjenner seg små og makteslause. For i førarsetet sit krefter utanfor både bygda og næringa.

UNDER RADAREN

Likevel har dette sjeldan vore eit tema for kommentariatet og ekspertane i riksmidia. Der vart det distriktpolitiske innhaldet delegert til feature-avdelingane som produserte reportasjar som til dømes A-Magasinet oppslag under den snedige tittelen «Bygdestyret» (A-Magasinet, 2017) eller reportasjen i DN-Magasin med den endå snedigare tittelen «Landeklage» (DN-Magasin, 2014). Typisk var det det eksotiske som vart løfta fram her. Ein reporter og ein fotograf hadde reist ut i grendene for å rapportere frå mesta framande kulturar. Vakkert illustrert med kaféinteriør frå Klætt kafé eller konditoriet på Rjukan, som ikkje står tilbake for kva urban retroilegheit som helst, med sitt teak- og respatex-møblement frå Gerhardsen-tida i funksjonell nordisk design. Jau då, det var gode artiklar, skrivne av gode journalistar, men dei skapte sjeldan korkje debatt eller politikk. Kommentatorane på side to i moderavisene nemnde dei sjeldan, for distrikta var ikkje lenger ei sak av politisk interesse.

Men kanskje kan ein ikkje skulde på avisredaktørane åleine, kanskje reflekterer dei berre samfunnsdebatten? For mine egne observasjonar og ikkje minst dei før nemnde refleksjonane til Almås (2002) braut på mange måtar med det samtidige rådande perspektivet i academia generelt og ruralsosiologien spesielt. For ein gong tidleg i 90-åra forlét gradvis den før så materielt orienterte ruralsosiologien sitt tradisjonelt tunge sosioøkonomiske perspektiv til fordel for meir sosialkonstruktivistiske og representasjonsteoretiske perspektiv (Bell 2007, Flø 2009, 2013). Og nett dette skiftet, nett denne kulturelle vendinga – eller *the cultural turn*, som den britiske ruralgeografen Paul Cloke (1997) kallar det – fekk også konsekvensar for bygdeutviklinga så vel som for distriktpolitikken (Perkins 2006, Flø 2010, 2013, 2015). Gradvis sleppte det offisielle Noreg taket i dei trauste verkemidla som hadde verka så lenge. «Utbygging av infrastruktur i distrikta vart lagd på anbod med pris og kortsiktig inntening som det viktigaste kriteriet», fortel ein tidlegare fylkespolitikar i Nordland, før han held fram «og omfordeling forsvann mesta ut av vokabularen til dei mest framståande politikarane våre». Den kulturelle vendinga kan koplast saman med vendinga i distriktpolitikken i 90-åra, ei vending som ifølgje Håvard Teigen (kapittel 6 i denne boka) enda i ein

«bortfusjonert og nedbygd» distriktspolitikk. Inspirert av postmoderne teori om det nye forbruket (Best 1989, Perkins 2006) såg stadig fleire ei von i at den symbolkonsumerande middelklasseforbrukaren, med frie yrke og meir pengar og ferie enn nokon gong før, skulle legge sin elsk på det rurale. Forskarar, rådgivarar og politikarar meinte bygdene skulle byrje å gjere seg lekke for ei veksande urban middelklasse. Bøndene burde utnytte det dei såg som nisjar i marknaden og byrje «å fortelje dei gode historiene» og «pakke inn» produkta sine i stadeigne miljøvennlege symbol. Det rurale skulle seljast, rurale tradisjonar, aktivitetar og kultur skulle gjerast om til varer og seljast på den nye marknaden, og bønder og bygdefolk skulle lærast opp til å stimulere forbrukarane sin hunger etter distingverande symbolprodukt (Flø 2015, s. 20). Med solid støtte frå NHO Reiseliv og Innovasjon Noreg skulle bygdene omdannast til det Aasetre (2010) kallar «rekreative koloniar» for ei jamt veksande middelklasse på leit etter flyktige identitetar.

«DET STARTA PÅ 80-TALET»

«Det starta på 80-talet», sa den tynne, senesterke eldre mannen. Han lempa ei kasse fisk frå sjarken og inn på kaia, før han sjølv bykste på land. «Det starta med dei nye og glatte politikartypane våre, dei med skulderputer og langt hår i nakken», sa han vidare. Han hadde stemt på dei sjølv òg, fortalde han. For han trudde på dei, lenge.

Kanskje har fiskaren eit poeng, kanskje må ein attende til 80-åra for å finne kjelda til distriktsmismøya. Kanskje må ein attende til politikken etter Thatcher og Reagan, ein politikk Thatchers tiltrudde kabinettmedlem Nigel Lawson (2011) skildrar som «ei blanding av den frie marknaden, finansiell disiplin, sterk kontroll av offentlege utgifter, skattereduksjon, nasjonalisme, viktorianske verdier, privatisering og ein dash populisme¹» (kap. 5, avs. 9).

¹ Eiga omsetjing. Original tekst: The right definition involves a mixture of free markets, financial discipline, firm control over public expenditure, tax cuts, nationalism, Victorian values, privatisation and a dash of populism.

Berge Furre (1992) gjer også eit poeng av at det skjedde eit politisk skifte på 80-talet. «Den sosialdemokratiske orden vart i hovudsak avvikla på åttitalet», skriv Furre (s. 421). Typisk var den sosialdemokratiske orden prega av blandingsøkonomiske kompromiss og sterk tru på infrastruktur og regulering. Distriktsomsuta, med anar langt attende til den tidlege industrialiseringa, var framleis levande hjå politikarane våre. «Dei bar i seg historia si», fortalte ein mangeårig ordførar og seinare vararepresentant til Stortinget meg i 2006. Han snakka om dei eldre politikarane i hans eige parti, Arbeidarpartiet «[...] dei hugsa dei tidlege parlamentarikarane våre, som Johan Castberg, og den sterke distriktpolitiske omsuta som hadde prega den tidlege institusjonsdanninga vår».

Og nett Castberg er eit godt døme, for ser ein på stortingsdebatten om konsesjonslovene av 1917, så kjem denne distriktsomsuta tydeleg fram.

«Man skal til det ydterste utnytte anledningen til at søke at styrke disse mer afsidesliggende og karrig utstyrte distrikter ved at la dem få en rundelig andel i de værdier som skapes indenfor deres grænser ... Man tar værdierne ut av distrikterne og fører dem på tråd ned til industricentrene og byerne, tømmer bygderne, tømmer landdistrikterne, særlig fjeldbygderne, får deres værdier uten vederlag og det er absolut urigtig» (sitert i NOU 2012: 09, s. 70).

Arven frå Castberg og fleire andre av dei tidlege parlamentarikarane våre, er det eg før har kalla arven etter ei «moralsk forankra» distriktsomsut (Flø 2017). Men det som kom til syne under ordskiftet om konsesjonslovene, var i seg sjølv òg ein arv. Det var arven frå norskdomen og frå dei som hadde måla og dikta så levande under nasjonsbygginga. Det var arven etter skildringa av den fórete og vêrbitne nordmannen som fanst der mellom bakkar og berg medan han drøymde seg attende til fjella og dalane han mintest frå ungdomen. Og arven følgde politikken gjennom mellomkrigsåra og kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Bondepartiet og danna distriktpolitikken under heile den sosialdemokratiske orden.

Ein annan tidlegare ordførar, frå Nord-Gudbrandsdalen, meinte våre «nye politikarar» mangla forståing for dei behova kommunane til liks med det rurale næringslivet – særleg landbruket – hadde. «Det kunne

vere harde kampar før også, men då [i 80- og 90-åra] vart det som å gå på ein vegg.» Det hjelpte liksom ikkje med argument lenger fordi «dei forstod ikkje argumenta», sa han og utdjupa det med at også tidlegare kunne stortingspolitikarar og statsrådar «knipe på pengesekken», men han tvila aldri på at «dei forstod røyndomen i kommunane». Underforstått i denne forteljinga ligg ei kjensle av at ordføraren i dag opplever at «dei» – i tydinga «dei nye politikarane» – ignorerer kommunane kring om i Distrikts-Noreg. Den moralske posisjonen som distrikta hadde i det politiske ordskiftet under den sosialdemokratiske orden vart svekt med «dei nye og glatte politikartypane», som sjarkfiskaren ved kaia sa. I alle høve var det dette ein av dei lokale aktivistane mot oljeutvinning i Lofoten, Vesterålen og Senja refererte til då han i 2017 meinte at «vi har ein oljeminister som faen ikkje er brukande». Før han utdjupa: «Det blir ikkje Stavanger, dette. Det blir ikkje fleire arbeidsplassar til Nord-Noreg av oljen, det er ingen som tenkjer slik om industriutvikling lenger, oljen vil berre sluke dei arbeidsplassane vi alt har.» Og seinast like før jul i 2019 kom også nyheita om at Equinor droppar ilandføring av olje og gass frå Castberg-feltet. Og ikkje overraskande kjenner ordføraren i Nordkapp seg lurt.

Frå sist på 80-talet kan det synast som distriktsomsuta vart skyvd meir og meir i bakgrunnen til fordel for næringspolitikken, i alle fall er det det eg høyrer frå folk i distrikta. Og sjølv om Berge Furre (1992) vegra seg for å gi den nye epoken som han såg teikne seg, eit ordensnamn på linje med epoken før – altså den sosialdemokratiske orden – tillèt eg meg å døype denne epoken for «den nyliberale orden». Og den nyliberale orden lever godt den dag i dag, og han er, som Nigel Lawson (2011) seier, prega av ei naiv tru på laissez-faire økonomi, privatisering, skattelette, deregulering, frihandel og reduksjon i offentlege utgifter.

AVREGULERING OG NYREGULERING HAND I HAND

Dei siste 25–30 åra har haldninga om at offentleg verksemd ikkje er tilstrekkeleg effektiv, sett seg godt til rette i den offisielle politiske debatten. Haldningane frå 50-, 60- og 70-åra vart snudd 180 grader. Skepsisen til

den styringsivrige staten vart styrkt av økonomar, næringslivstoppar og dei sterke avis- og medieredaksjonane som blomstra så frodig før internett vart allemannseige. Me får lite att av skattepengane, meinte dei, og det var på tide å sleppe til det private næringslivet.

Den kritiske haldninga til det offentlege er neppe berre rotfesta i skattevegring og offentleg ineffektivitet, hevdar tidlegare embetsmann og Telenor-direktør Tormod Hermansen (2004). Det handlar òg om at det offentlege hadde ete seg inn på område som tradisjonelt hørde til privatsfære og det sivile samfunnet.

Det var også slik fiskaren på kaia rettferdiggjorde at han lenge hadde stemt på desse politikartypane. «Alt vart byråkrati, overstyring av lokale vedtak og innføring av prinsipp som var malplasserte her oppe», forklarte han meg i eit forsøk på å rettferdiggjere ei stemmegiving han no ikkje lenger var så stolt av. Sjølv hadde han blitt stoppa då han ville byggje seg sjøhus og kai for å leggje til rette for å drive fiske heimanfrå, framfor å måtte leige hus for vegn og reiskap tre timar frå der han budde. «Strandlova», sa han berre, og eg visste idet han sa det, at han her refererte til ein bolk i plan- og bygningslova (2008, §§ 1–8) og byggjeforbodet i 100-metersona som kom i 1989. Liknande resonnement kjem òg fram i eit arbeid eg gjorde i mi eiga heimbygd (Flø 2013). Her var det ei gamal løe som bonden ikkje fekk rive fordi fylkeskonservatoren meinte ho passa så vakkert inn i eit reiselivslandskap som byråkratane så levande såg føre seg. «Du veit, det er slikt som gjer at me har slik framgang på meiningsmålingane», fortalde kompisen meg, med referanse til Framstegspartiets jamne vekst på Sunnmøre fyrst i 2000-åra. I materialet mitt har eg mange liknande forteljingar som alle vitnar om at Hermansen (2004) er inne på noko. Folk flest, for å nytte nettopp Framstegspartiets populære terminologi, opplevde at det offentlege kom for tett innpå dei, som regulator. Dei opplevde det paradoksale at ei tid prega av avregulering på mange område også bar i seg nyregulering på andre, særleg på miljøområdet og etter kvart sterkare og sterkare på klimaområdet.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

Etter at miljødiskursen frå sist på 60-talet og eit godt stykke inn på 80-talet hadde vore dominert av svartsynte profetar som hadde lese seg opp på klassikarar som *Limits of Growth* (Meadows et al. 1972) og *Blueprint for Survival* (Goldsmith og Allen 1973), vart det dystopiske verdsbildet om at det vestleg forbrukarsamfunn lid av ei djup kulturell krise, erstatta av ein idé om å gjere samfunns- og miljøproblema våre om til sjølve forretningsideen. For det var visst det som måtte til. Skulle ein ha von om ei «berekraftig utvikling», laut det bli lukrativt. Det var den store lovnaden.

Med sluttrapporten frå Brundtlandkommisjonen (World Commission on Environment and Development 1987) vart omgrepet berekraftig utvikling gjort allment. Men noko som også vart gjort allment, var at omstillinga til eit meir berekraftig samfunn ikkje skulle røkke ved grunnprinsippa i økonomien. Snarare tvert om. For å lykkast med å nå miljømåla skulle me spele på lag med det eksisterande økonomiske regimet. Slik bidrog vår forståing av berekraftig utvikling til å frede det eksisterande økonomiske regimet, vidare økonomisk vekst vart essensielt for å lykkast med arbeidet som stod framom oss. Samstundes bannlyste me alle systemkritikarar og meinte dei var naive utopistar.

Brundtlandkommisjonen og omgrepet berekraftig utvikling bar likevel mykje bra i seg. Her vart den lokale folkelege deltakinga vektlagd, og saman med eit mangfald av desentraliserte eksperimentelle tilnærmingar vart berekraftig utvikling gjort til ein demokratisk snarare enn ein ekspertdirigert strategi for miljøvern. Likevel såg mange, slik som statsvitararen Maarten Hajer (1995), på berekraftsomgrepet som «eit av dei skilsetjande argumenta for den økologiske moderniseringa²» (s. 26), og som forløparen til det miljøperspektivet som i dag dominerer miljø og klimadiskursen, altså økologisk modernisering.

2 Eiga omsetjing. Original tekst: one of the paradigm statements of ecological modernization.

ØKOLOGISK MODERNISERING

Berekraftig utvikling og økologisk modernisering har fleire fellestrekk. Begge perspektiva ser behovet for ein meir sektorovergripande miljøpolitikk. Begge meiner det er mogleg å sameine økonomisk vekst med det å løyse miljøproblema. Og begge ser på teknologi som eit viktig middel for å løyse miljøproblema.

Seinare, altså frå siste halvdel av 2000-åra og fram til no, ser det ut til at teknologi ikkje lenger berre er eit middel for å løyse miljøutfordringar, men det har blitt eit mål i seg sjølv. For her ligg sjølve forretningsideen, her ligg grunnlaget for gunstig finansiering av forskning og innovasjon, her ligg grunnlaget for patentering og industriutvikling, og her ligg konkurransefortrinnet i kampen om kundane.

Likevel er det ein skilnad mellom berekraftig utvikling og økologisk modernisering. For økologisk modernisering-perspektivet tek i liten grad opp i seg omsynet til fordeling og rettferd, hevdar Oluf Langhelle (1998). Og kanskje er det nett det me ser no? Kanskje ser me konsekvensane av at den økologiske moderniseringa råkar urettvist. For når vestkledde rebellar set eld på bilar langs Champs-Élysées, er det eit signal om manglande sosial berekraft. Når folk ramponerer bomstasjonar i Bergen eller legg mannskit på stigbrettet til gravemaskiner på Frøya, er det eit signal om at me har kome langt ut av kurs på vegen mot eit sosialt berekraftig grønt skifte.

For det er det dei protesterer mot. Det er det motstanden mot bomvegar eigentleg handlar om, det er det vindmøllestandarane på Frøya og langs det meste av kysten vår er så forarga på. Dei er ikkje klimafornektarar eller imot at det trengst eit grønt skifte, dei er berre imot måten skiftet er tenkt implementert på. Dei er imot det Robyn Eckersley (1995) kallar «miljøøkonomiens nøkkelrolle i å forme debatten om korleis miljøpolitikken skal integrerast med den økonomiske politikken³» (s. 12). Dei er rett og slett imot det meste som sorterer under terminologien «miljøøkonomi».

3 Eiga omsetjing. Original tekst: The discipline of environmental economics key role in shaping the economy-environment integration debate

MILJØØKONOMI

Miljøøkonomi (*environmental economics*) er basert på nyklassisk samfunnsøkonomisk teori. Dette er det faglege grunnlaget for den «miljødiskursen» John Dryzek (1997) kalla «økonomisk rasjonalisme», altså prinsippet der ein nyttar marknadsmekanisar for å realisere offentlege målsetjingar. Dette var grunnlaget for å privatisere verneverdig natur. Noko som vart særleg populært i USA i 80-åra, då ein innførte forretningsmessige prinsipp for dei amerikanske nasjonalparkane med besøksbetaling der overskotet vert nytta til vedlikehald av nasjonalparken (Buckley 2003). Sameleis er det bakgrunnen for prinsippet om at forureinaren betaler, og innføringa av grøn skattlegging og miljøavgifter. Det er også dette prinsippet Hajer (1995) meiner har skapt ein teknokratisk versjon av økologisk modernisering gjennomsyra av økonomiske resonnement. Men prinsippet sette seg, og frå slutten av 80-åra til i dag har dette vore den mest legitime måten å diskutere miljøpolitikk på, både internasjonalt og nasjonalt.

Det var også dette som utløyste motstanden. Motstanden kom som ei følgje av at verkemidla råka skeivt. Logikken i miljøøkonomien råka somme hardare enn andre. Og motstanden er ikkje irrasjonell, slik me høyrer frå aviscommentatorane og folka i dei fine skjortene. Derimot er det ein direkte og rasjonell reaksjon tufta på grunnleggjande rettferdsetikk. Bompengar, drivstoffavgift og auka parkeringskostnader i småbyane kring om råkar utkantfolket hardest. Det råkar dei som frå 50-åra og langt inn i 80-åra, gjorde nett som dei vart oppfordra til. Det råka dei som kjøpte seg tomt i byggjefelta som kommunane hadde lagt ut i grendene utanfor tettstadene og i randsonene utanfor sentrum. Det råka dei som lenge hadde kalla seg sosialdemokrat, og som trudde på lovnadene politikarane kom med. Det råka dei som lengst viste den største tillita. Dei som hadde støtta dei tillitsvalde politikarane som streva med å redusere offentlege utgifter ved å sentralisere skulane og den offentlege tenesteytinga. No sit dei i grendene og dei monokulturelle byggjefelta sine – to til fire mil frå sentrum – og veit at her er det ingen ting anna enn ei seng og eit kjøkken. Alt anna må hentast i sentrum. Skulen er nedlagd, butikken er stengd, og det som ein gong var eit levande fiskemottak, vart overteke av ein romsdaling utan hoser i skoa som svor på at han skulle sikre framtidig drift.

EIN NY DISTRIKTSPOLITIKK

I 1992 vedtok Stortinget å slå saman Distriktenes utbyggingsfond, Industrifondet og Småbedriftsfondet til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Stortingsmeldinga med den historiske tittelen *By og land hand i hand* (St.meld. nr. 33 (1992–93)) vert av Håvard Teigen (1999) halden fram som ei melding «av stor historisk interesse fordi den særnorske distriktspolitikken blir avvikla med denne meldinga» (s. 203). Mot slutten av 90-åra og framover i 2000-åra vart mykje av næringspolitikken inngjerda av EØS-avtala, og høvet til å ta i bruk klassiske næringspolitiske verkemiddel som billig kreditt, rimeleg kraft, rentefrie lån og andre støtteformer i krisetider var mykje godt fjerna. Det me gjerne omtalar som *globaliseringa*, gjorde seg med andre ord stadig meir gjeldande for store delar av næringslivet, særleg i distrikta. Ein jamt tettare økonomisk, politisk og kulturell integrasjon med Europa og resten av verda avgrensa rommet for tradisjonell næringspolitikk, og etter kvart vart også bygdene innhenta av meir nyliberale straumdrag som tok til å prege lokalsamfunna.

Dei siste tre–fire åra før finanskrisa i 2008 mista dei minst sentrale kommunane meir enn 6000 innbyggjarar. Trass ei sjølverklært distriktsvennleg raudgrøn regjering, krympa 210 av dei då 430 kommunane i landet sterkt i denne perioden. Og medan distrikta hadde husa meir enn halvparten av den norske befolkninga i slutten av 80-åra, budde no seks av ti nordmenn i, eller rundt, dei største byane ved inngangen til 2008.⁴

Enkelte regionar merka endringane tydeleg framover i 2000-åra. Medan nokre – som heime på Sunnmøre – greidde seg bra, som følgje av at industrieigarane insisterte på å utvikle verksemdene sine lokalt, vart andre formeleg slakta. Og det som tidlegare fanst av industriproduksjon, er flytta til delar av verda der kostnadene og skattane er lågare. Men dei lokale eigarane har sine utfordringar. For knapt nokon vil arbeide i industrien lenger, i dag drøymmer ungdommen om å bli «noko innan media», og skulle nokon ha interesse av å lære seg til fagarbeidar i industrien, vert dei mesta diagnostiserte som viljelause av skulerettleiarar og andre som stiller seg i kø for å rå ungdom vekk frå lokalsamfunnet (Brox 2016). Tidlegare

4 SSB Statistikkbanken

administrerende direktør ved Kleven-verftet i Ulsteinvik fortalde meg i 2004 at «det er ingenting me heller vil enn å rekruttere lokal ungdom, men det er uråd å få tak i dei [...]. Alle skal på universitetet i dag». Løysinga for dei lokale industrieigarane vart å importere arbeidarar frå EØS-landa. Med dugande fagarbeidarar frå austersjølanda i arbeidskøen hardna både arbeids- og lønsvilkåra til. I januar 2020 vart Kleven verftet kroatisk, med storkonsernet DIV Group i førarsetet. Nokre av dei tilsette kjenner seg letta over å ha sloppe konkurs, medan andre tel dagar til eit frykta slakt. «Dei kunne ha gitt oss eit grønt oppdrag», sa ein tidlegare verftskollega av meg. «Erna kunne bedt oss byggje desse havvindmøllene, eg veit me skulle klart det.» Men det gjorde ho ikkje. Erna og dei andre politiske tillitsvalde ber ikkje om slikt lenger, dei set sin lit til marknaden. Og i mellomtida pakkar fagarbeidarane våre her heime saman, og inn kjem flyktige arbeidstakarar formidla av bemanningsbyråa.

Dei produserande næringane våre vert distanserte frå lokalsamfunnet dei ein gong var ein del av. Lokale ungdomar utdannar seg ut av Distrikts-Noreg, for det er ingen andre stader å utdanne seg til. Distrikthøgskulane si tid ser ut til å vere forbi, og fagskular til liks med yrkesskular har auka vektlegginga av teoretiske fag. Ei vektlegging som får Knut Kjeldstadli til å hevde at det store fråfallet på yrkesskulane kjem av at dei har svikta elevane gjennom å skape ein «lese- og høreskole» framfor ein «se- og gjøreskole» (I Skolen 2006). Alt saman er med på å endre næringane våre så vel som lokalsamfunna.

Store strukturendringar, særleg i fiskeria (Isaksen og Bendiksen 2002), har hatt omfattande lokale ringverknader som har gjort eit hopetal bygdefolk vel så uroa som mannen eg trefte i Lofoten. Alle uroar seg for det dei ser som ei utarming av lokalsamfunna sine. Dei står med andletet mot heimstaden sin og ser han døy litt meir for kvar dag. Og i takt med at «den store distriktspolitikken» – som har vore berebjelken i norsk bygdepolitikk i fleire tiår – er i ferd med å rakne, er det no «den *vesle* distriktspolitikken» bygdene lyt setje si lit til⁵. No skal bygdene byggjast med prosjektpengar.

5 Skiljet mellom den vesle og den store distriktspolitikken er det same skiljet som Håvard Teigen definerer som høvesvis den eksplisitte og den implisitte distriktspolitikken. Der den eksplisitte er regionalt differensierte politiske tiltak, er den

Overalt framover i 2000-åra kunne me lese reportasjar og portrettintervju med unge nyttilsette prosjektleiarar som arbeidde med å gjere bygdene attraktive for tilbakeflyttande småbarnsfamiliar. Den politiske motkulturen som prega den kontraurbane bygdetilflyttaren i 70-åra, vart no erstatta med glatt medkultur, projisering av identitet og rural idyll. Den ibuande budskapen frå dei mange tilbakeflyttarprosjekta kringom i landet var: Er du ressurssterk og har overskot, flytt til distriktet. På linje med middelmåtige reiselivsbedrifter prøvde Bygde-Norge å selje seg ved hjelp av Innovasjon Noreg-finansierte reklamepakkar som spelte på lett underholdning kopla til friluftsliv og avslapping.

Bakgrunnen var ein politikk der natur- og kulturverdiane vart vektlagde som jamt viktigare innsatsfaktorar for nye næringar. Det var ein politikk tufta på eit ønske om å leggje til rette for kreative verksemder og med det skape lokalsamfunn som verka meir attraktive, særleg for dei unge. Stikkorda var opplevingar, identitet og distingverande symbol. Eller som ho sa, dåverande kommunal- og regionalminister Åslaug Haga, då ho presenterte regjeringa sin handlingsplan for kultur og næring i juni 2007: «Ved å satse på [...] kultur, opplevingar og fritid så vil dette være med å gi identitet og attraktivitet til et sted. Kultur og opplevingar betyr mye for folk, uansett hvor i landet en bor» (Nærings- og handelsdepartementet 2007). Haga hadde støtte frå både næringsminister Dag Terje Andersen og kulturminister Trond Giske, som båe hadde vore med på å utforme handlingsplanen.

Dette vart den nye distriktspolitikken, og den må forståast som ein del av noko større. Han er gjennomsyra av tenkinga til akademikarane og det meste av kunnskapsleverandørane for dei distriktspolitiske aktørane. Heilt i tråd med tidsånda vart altså bygdene freista omgjorde til attraktive destinasjonar med bunadskledde servitørar som baud gjestene på lokale smaksbomber. Det tydelegaste skiftet i den nyliberale orden var ei individualisering av ansvaret for eigen suksess. Næringslivet vart frigjort

implisitte summen av overføringar som fordeler og omfordeler midlar mellom regionane. Pengeoverføringar til kommunane over statsbudsjettet utgjer den viktigaste delen av desse tiltaka. Men også samferdsel, forsvar, næring, landbruk og andre politikkområder er vesentlege element i den implisitte distriktspolitikken.

frå det distriktpolitiske åket, og ute i bygdene fekk prosjektmakarane ansvaret for bygdeutviklinga.

DET HARDNAR TIL

På dei godt og vel hundre siste åra har me gått frå ein moralpolitisk forankra distriktpolitikk, via ein distriktpolitikk i partipolitisk spel prega av blandingsøkonomiske responsar på politiske og marknadsmessige utfordringar, før me tok steget inn i ein nyliberal orden der staten har arbeidd iherdig med å fråskrive seg ansvaret for bygdeutviklinga og overlate ein jamt større del av arbeidet til lokalsamfunna, dei lokale næringsaktørane og bygdefolket sjølve. Med nedtona distriktpolitikk, profesjoniserte politikkarar og ei aktiv degradering av nasjonalstaten til fordel for internasjonale avtaler og globale aktørar, kom sviket som føra ei veksande mistru kringom i distrikta der folk var vitne til konsekvensane med eigne auge. Dei såg ressursane deira bli hausta, dei høyrde lyden av trailerane som kom tomme og reiste fulle, dag og natt, men dei såg lite til verdiane skapte av eksporten.

Det er i denne konteksten me lyt forstå mannen eg møtte i Lofoten, og ei heil rekkje andre bygdefolk eg har snakka med dei siste åra. Det vere seg mjølkebønder i Telemark så vel som distriktsrepresentantar på Stortinget, gamleordførarar frå Nord-Gudbrandsdalen, sauebønder i Nord-Østerdalen, fylkespolitikkarar på Helgeland, frisørar i Gudbrandsdalen eller industriarbeidarar i Sogn og Fjordane og sunnmørske industri-eigarar. Alle står dei med auga retta mot eiga bygd og kringliggjande grender, og dei ser at kampen for å overleve hardnar til. Fleire ber på ei kjensle lik den ein småbrukar i Fjaler forklarte meg: «Me har sett ranet skje framom auga våre lenge no. Og her skal dei no produsere straum til britane utan å betale oss.»

Dei har kjent skifta i distriktpolitikken på kroppen, lokale fiske-mottak til liks med meieri, slakteri og båtbyggjeri forsvinn saman med butikkar, skular og helsestasjonar. Og «det einaste me vert tilbydde, er ei reiselivsmelding», som ein av informantane mine formulerte det og synte til Stortingsmelding nr. 19 (2016–2017). Dei vert tilbydde ei

stortingsmelding som fortel at dei skal gjere kultur, opplevingar og fritid om til næring. Og dei opplever det heile som eit svik.

Likevel bøyer dei ryggen og tek tak i det dei kan ta tak i. Dei satsar kapital og helse på å byggje landet, dei investerer millionar i påkravd lausdriftsfjøs og kjøper torskekvote til ågerpris. Dei går i partnerskap med FoU-aktørar og dreg opp prosjekt for utvikling av innovativ sveise-teknologi og nye resirkuleringsmetodar for avfall frå bygg og anlegg så vel som frå fiskeindustrien. Alt dette og meir til er det eg ser når eg reiser kring i grendene, men på fjernsynet står dei debattvillige forståesepåarane og snakkar om at bygdene må omstille seg og leggje til rette for den løfterike bioøkonomien og det grønne skiftet.

Dei ber ikkje om råd om omstilling, dei ber berre om at me ser at det er nett det dei driv med. Kvar einaste dag driv dei omstilling, kvar einaste dag arbeider dei jamt og trutt med å skape verdiar, arbeidsplassar og velferd. Dei produserer materialitet: mat og varer for eksport. Og dei produserer massevis av kollektive gode: kulturlandskap, biologisk mangfald, mattryggleik og levande bygder, som me byborgarar kan nyte på veg til millionhyttene som me har spreidd langsetter strandsonene og i dei beste beiteområda i seterdalane. Det dei har sett til no av den nye bioøkonomiske industrien, skil seg lite frå det dei kjenner frå den fossiløkonomiske industrien. Det er jamt fjernare multinasjonale aktørar som kjem for å stele så vel vinden som tare- og granskogen utan å leggje att anna enn ulempene til dei som bur der.

ME OG DEI ANDRE

Men me vil ikkje sjå dei. Me – i David Goodharts (2017) forståing av *anywheres*, som den urbane og høgt utdanna middelklasseeliten – dominerer det offentlege ordskifte med vår sosialliberale verdsborgaridentitet. Me ignorerer arbeidet og underkjenner bidraget deira så vel som kjenslene dei ber på, som ugyldig og kallar det «nostalgisk føleri». Me skuldar dei for å vere bakstreverske og for å meine at all endring er eit tap.

Sjølve hevdar me å vere fri for nostalgi, for me er egalitære og meritokratiske, slike som meiner å ha fortent den makta me har gjennom vår

eigen intelligens og fornuft. Derfor legg me ned lokalsjukehus og fødestover, me legg ned lensmannskontor og kallar det «nærpolitireform», me avviser alle lokale folkerøystingar som går imot kommunesamanslåing, og hevdar folk ikkje veit sitt eige beste. Me krev at bøndene, som har synt oss ein større produktivitetsvekst enn knapt noka anna næring, må bli meir effektive. Og skulle nokon av oss slumpe til med eit klartenkt forslag om å flytte ein statleg arbeidsplass eller to til ein «bortgøymd småby i distrikta», så overdøyyer gnålet frå sentrum alt anna som måtte skje av nyhende i vekevis framover.

Enno ser me berre starten på eit distriktsopprør, enno er det langt att før eit eventuelt opprør materialiserer seg i noko meir enn berre lovlege demonstrasjonar, støtte til enkeltparti og danna ytringar i aviser og sosiale medium. Men nettopp derfor er det kanskje tid for å slakke på tempoet, kanskje er det tid for at me – som representantar for den urbane og høgt utdanna middelklassa som dominerer politikken, forvaltninga og det offentlege ordskiftet – byrjar å sjå oss omkring, byrjar å lytte. For det som trengst no, er at me som samfunn på nytt evnar å oppdage den gjensidige nytten mellom by og land og innser at me treng å løfte blikket frå dei kortsiktige økonomiske modellane og erkjenne at distrikta har ein eigenverdi på lik linje med sentrum. Fyrst då vil me kanskje evne å lette på kjensla av ran.

REFERANSAR

- A-Magasinet. (17. februar 2017). «Bygdestyret». *Hilde Lundgaard*.
- Aasetre, J. (2010). «En rekreativ koloni: Bygdeutvikling på middelklassens premisser». *Plan*(5), 58–62.
- Almås, R. (2002). *Frå bondesamfunn til bioindustri: 1920–2000* (Vol. IV). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bell, M.M. (2007). «The two-ness of rural life and the ends of rural scholarship». *Journal of Rural Studies*, 23(4), 402–415.
- Best, S. (1989). «The Commodification of Reality and the Reality of Commodification: Jean Baudrillard and post-modernism». *Current Perspectives in Social Theory*, 19, 23–51.
- Brox, O. (2016). *På vei mot et post-industrielt klassesamfunn?* Oslo: Pax Forlag.

- Buckley, R. (2003). «Pay to Play in Parks: An Australian Policy Perspective on Visitor Fees in Public Protected Areas». *Journal of Sustainable Tourism*, 11(1), 56–73.
- Cloke, P. (1997). «Country backwater to virtual village? Rural studies and 'the cultural turn'». *Journal of Rural Studies*, 13(4), 367–375.
- DN-Magasin. (6. september 2014). «Lande-klage». *Ole Øyvind Sand Holte*.
- Dryzek, J. (1997). *The Politics of the Earth. Environmental Discourses*. New York: Oxford University Press.
- Eckersley, R. (1995). *Markets, the state and the environment : towards integration*. South Melbourne: Macmillan Education Australia.
- Flø, B. E. (2009). «Vondtet i norsk bygdeutvikling». *Syn og Segn*(3), 76–80.
- Flø, B. E. (2010). «Bygda – forståing og implikasjoner». *PLAN*(5), 20–25.
- Flø, B. E. (2013). «Me og dei andre. Om lindukar, Framstegspartiet og bygda som sosial konstruksjon». *Sosiologisk Tidsskrift*, 21(2), 152–168.
- Flø, B. E. (2015). *Bygda som vare – om bygda, elgen og folkeskikken*. NTNU, Trondheim.
- Flø, B. E. (2017). «Det grøne skiftet og grendene – sentrum og periferi i den nye økonomien». *PLAN*(2), 26–29.
- Furre, B. (1992). *Norsk historie 1905–1990. Vårt hundreår* (Vol. 4). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Goldsmith, E., og Allen, R. (1973). *A Blueprint for Survival*. New York: Penguin Books Ltd.
- Goodhart, D. (2017). *The Road to Somewhere: The Populist Revolt and the Future of Politics*. London: Hurst.
- Hajer, M.A. (1995). *The Politics of Environmental Discourse – Ecological Modernization and the Policy Process*. Oxford: Clarendon Press.
- Hermansen, T. (2004). «Den nyliberalistiske staten». *Nytt Norsk Tidsskrift*, 21(3–4), 306–319.
- I Skolen. (2006. Nr. 9). Intervju med Knut Kjeldstadli. *Anonym*.
- Isaksen, J.R. og Bendiksen, B.I. (2002). *Fiskeindustrien i Troms og Finnmark – Strukturendringer og verdiskaping* (No. 18/2002): NOFIMA.
- Langhelle, O. (1998). Økologisk modernisering og bærekraftig utvikling – to sider av samme sak? (No. 4/98): ProSus.
- Lawson, N. (2011). *Memories of a Tory Radical* (Kindle utg.). London: Biteback Publishing.
- Plan- og bygningsloven. 2008. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling*. Gjeldande frå 27. juni 2008.
- Meadows, D.H., Meadows, D.L., Randers, J. og Behrens, W.W. (1972). *The*

- Limits to Growth: A report for the Club of Rome's project on the predicament of mankind.* NY: Universe Books.
- NOU 2012:09. (2012). *Energiutredningen – verdiskaping, forsyningsikkerhet og miljø.* Oslo: Olje- og energidepartementet.
- Nærings- og handelsdepartementet. (2007). «Regjeringen lanserer handlingsplan for kultur og næring», *Pressemelding.* Oslo.
- Perkins, H.C. (2006). Commodification: re-resourcing rural areas. P. Cloke, T. Marsden og P.H. Mooney (red.), I *Handbook of Rural Studies*, 243–257. London: SAGE Publications.
- St.meld. nr. 19. (2016–2017). *Opplev Norge – unik og eventyrlig.* Nærings- og fiskeridepartementet.
- St.meld. nr. 33. (1992–93). *By og land hand i hand. Om regional utvikling.* Kommunal- og regionaldepartementet.
- Teigen, H. (1999). *Regional økonomi og politikk.* Oslo: Universitetsforlaget.
- World Commission on Environment and Development. (1987). *Our common future.* Oxford: Oxford University Press.